



Bente gjer båten klar for sjøsetting i båthamna i Uskedalen under feriestarten denne sommaren. Ho ferierer alltid her. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Bente Lærum Aamodt (46) og Arbeidarpartiet gjorde eit kjempeval i Ottadalskommunen Skjåk og spørsmålet er no om ho og partiet vil innta ordførarstolen i det som i mange år har vore ein Senterpartibastion.

Den som sit med nøkkelen er Bygdalista, som kom på vippen etter at Sp hadde mista to representantar og sitt reine fleirtal mens Ap hadde vunne tre.

Torsdag kveld var det framleis inga avklaring. Aamodt er glad, men også overraska at partiet hennar gjekk fram med 14,5 prosent til 39,9 medan Senterpartiet gjekk attende med 6,9 prosent og fekk 47,4 prosent av røystene.

Bente er eigentleg utdanna frisør og var i det yrket då ho som 21-åring i 1982 for over fjellet saman med Terje og busette seg i Skjåk. De gifta seg tre år etter.

I Skjåk har fembarnsmora dreve som gardbrukar i 25 år, men i fjor slutta ho som sauebonde. Ho har vore medlem av kommunestyret i 12 år og av formannskapet i åtte. Ho stilte også opp som ordførarkandidat for fire år sidan, men då fekk ho berre fem av dei 21 representantane medan ho no fekk åtte.

Når ho blir spurd om kvifor ho valde Arbeiderpartiet svarar ho at det var eit naturleg val for ein som ynskjer fellesskapsløysingar og at ingen skal lida sosial naud.

Av Ola Matti Mathisen